

Dei sa det var galskap

Dei sa det var galskap, men dugnadsgjengen i Vetten IL let seg ikkje stoppe. 13 år etter at planlegginga av Bjørkelibakken i Stryn starta, stod eit komplett hoppanlegg til 20 millionar kroner ferdig i helga.

Jørn-Arne Tomasgard

Publisert: 06. februar 2003, 06:00

Oppdatert: 05. februar 2003, 22:37

Anlegget er eineståande på Vestlandet.

- Klart det er tilfredsstillande. Vi føler vi har bidrege til å motbevisse kritikken, seier eldsjel og utbyggingsansvarleg Ola Ødegård.

- Eg har hatt nasjonale media på tråden med spørsmål om galskapen ved å legge ein 90-metersbakke her. Det er veldig lett å kritisere. Ein kan stille spørsmålet om arbeidet vårt blir nok verdsett av storsamfunnet, meiner Ødegård.



LITE SAMFUNN, STOR DUGNAD: Ansvarleg for utbygginga av Bjørkelibakken, Ola Ødegård, og leiar i Vetten IL, Kirsti Aarøen, hadde grunn til å feire i helga. Hoppanlegget Bjørkelibakken er no komplett med sju bakkar.

FOTO: ØYSTEIN TORHEIM

Sju bakkar, frå K5 til K90, stod klare til bruk i helga.

Lite gjeld

Hoppanlegget i seg sjølv er kostnadsrekna til omkring 12 millionar kroner. Rekna ein med veg, parkering, lysløype for langrenn, handikappløype og alpinbakke, er prisen 20 millionar kroner. Idrettslaget Vetten, med 230 medlemmer, eig anlegget saman med Stryn kommune og Stryn og Hornindal Handikaplag. Stiftinga har berre omkring 500.000 kroner i gjeld.

Ødegård fortel at anlegget har motteke omkring fem millionar kroner i tippemidlar og bygdeutviklingsmidlar. Vidare har Stryn kommune bidrege med to-tre millionar til infrastruktur.

- Men den viktigaste bidragsytaren er lokal. Resten er dugnadsinnsats, seier Ødegård. Han har ikkje rekna ut kor mange timar det dreiar seg om.

- Vi snakkar ikkje om timar, men om år, seier han.

Stor hoppinteresse

Det er åtte-ti eldsjeler som har drive arbeidet fram. Av desse er det fire-fem som har tatt den tyngste børa. Ødegård er ein av dei.

- Er det verd det?

- Ja, det er verd det, sjølv om eg må seie at svaret har veksla opp gjennom åra, seier mannen som har hatt ein finger med i det meste som har skjedd i Bjørkelibakken på Fjelli i Stryn. Anlegget ligg vel 20 km frå Stryn sentrum.

Anlegget har ført til stor hoppaktivitet i lokalmiljøet. Leiar i Veten IL, Kirsti Aarøen, fortel at det er trening to gonger i veka.

- Ein kjerne av 20 hopparar er med, seier ho.

Best i vest

Ferdigstillinga av anlegget fell saman med ein kjærkomen opptur i norsk hoppSPORT. Løparar frå heile Vestlandet reiser no til Bjørkelibakken for å trene og konkurrere. Under opningsrenna i helga var det løparar frå Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. 16 vossingar la helga til Stryn.

- Ikkje eit einaste anlegg på Vestlandet kan måle seg med dette, meiner Dagfinn Gjerme, hopp-pappa frå Bulken.

Junior-VM neste år

Det har vore nasjonale renn i Bjørkelibakken kvart år sidan 90-metersbakken vart opna til NM i 1996. Neste vinter er det junior-VM i bakken. Det er lett å vere dugnadsarbeidar på festdagane, ikkje like enkelt i kvardagen. Å drive eit slikt hoppanlegg i Distrikts-Norge er ikkje gullkanta.

- Det går rundt, men vi er avhengige av at dugnadsinnsatsen held fram. Ein ny generasjon dugnadsfolk er med under renna i helga, og slik sett har eg god tru, seier hoppgeneral Ødegård.

Overraska kritikar

Nils Olav Kongsvik i hoppkomiteen i Sogn og Fjordane skikrins var ein av kritikarane då bygginga av hoppanlegget Bjørkelibakken byrja. No er han strålande nøgd.

Publisert: 06. februar 2003, 06:00

Oppdatert: 05. februar 2003, 22:34

- Eg såg for meg at det vart bygt ein 90-metersbakke til NM i 1996, og at han vart liggande der nærast ubrukt. Eg meinte det var meningslaust å bruke tid på utøvarar utanfor krinsen. Der var også ankepunkt mot plasseringa. Men ein må plassere det der snøen er, og då må ein opp i 500 meter, meiner Kongsvik.

- Eg meinte ein måtte få opp eit toppmiljø, og heller bygge 90-metersbakke etterpå, seier han.

Den tidlegare hopparen Kongsvik var til stades under opninga i helga, og likte det han såg. Kongsvik er glad for at dugnadsgjengen i Veten har fått det til, sjølv om dei byrja i «feil» ende.

- Er du overraska over at dei har gjennomført planane og bygd ut eit komplett anlegg med mange småbakkar?

- Ja, eg er vel litt overraska over det dei har fått til, seier Kongsvik.

- Det er blitt eit kjempeanlegg. Det er berre å ta av seg hatten og gje honnør til dei som står bak. Dette anlegget er på topp i nasjonal samanheng, meiner Kongsvik.